

**Utval:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtestad:** Fylkesutvalssalen, 3. etg, Fylkeshuset

**Dato:** 04.11.2015

**Tidspunkt:** 09:30-14:10

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Leiar	A
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	FL R/SV/SP/KRF
Harald Norheim	Medlem	SAFO
Kjell Søvik	Nestleiar	FFO
Inge Fiskvik	Medlem	FFO
Nina Murberg	Medlem	FFO
Kirsten Syljeset	Medlem	H

**Merknader**

Fylkesordførar deltok på deler av møtet.

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Nils Egil Vetlesand	Leiar, budsjettseksjonen
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, økonomi- og organisasjonsavdelinga

**Sakliste**

<b>Utvale-saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 44/15	Godkjenning av møteinkalling		
PS 45/15	Godkjenning av sakliste		
PS 46/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 47/15	Referatsak (Meldingar)		
RS 33/15	Større saker til politisk behandling - per oktober 2015	2015/10845	
RS 34/15	Møteprotokoll for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015	2014/558	
RS 35/15	Budsjett 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 36/15	Rapport ferjekaier Hordaland - utkast 1	2014/558	
RS 37/15	Oversikt økonomi per 19.10.2015	2014/558	
RS 38/15	Reglement for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 39/15	FELLES OPPLÆRING AV KOMMUNALE RÅD 22 OG 23 FEBRUAR	2014/558	
PS 48/15	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - arbeidsutval og fullmakt	2014/558	
PS 49/15	Møteplan 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 50/15	Temadag og opplæringssamling for dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 51/15	Ymse		

## **PS 44/15 Godkjenning av møteinkalling**

**Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2015**

### **Vedtak**

Møteinkallinga vart godkjent utan merknader.

## **PS 45/15 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2015**

### **Vedtak**

Sakslista vart godkjent utan merknader.

## **PS 46/15 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2015**

### **Vedtak**

Møteboka frå 07.09.2015 vart godkjent utan merknader.

## **PS 47/15 Referatsak (Meldingar)**

**Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2015**

*RS 36/15 Rapport ferjekaier Hordaland – utkast 1:*

Rådet sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen.

### **Røysting**

Forslaget vart oversendt på vegner av forslagsstillerane utan realitetsbehandling.

Rådet fekk seg førelagt rapport/utkast/kartlegging av universell utforming på ferjekaia i Hordaland. Kartlegginga viser at ferjekaiane er tilrettelagt for bilistar, men ikkje for gåande, syklende, rørslehemma og andre med nedsett funksjonsevne. For desse gruppene er det vanskeleg å orientere seg og bevege seg grunna manglende oppmerking eller manglende fortau. Busshaldestoppa ved ferjekaiane har svært variert standard. Rådet etterlyser ein tidsplan med prioritering for oppgradering av alle ferjekaiane i fylket til universell utforming.

**RS 33/15 Større saker til politisk behandling - per oktober 2015**

**RS 34/15 Møteprotokoll for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015**

**RS 35/15 Budsjett 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 36/15 Rapport ferjekaier Hordaland - utkast 1**

**RS 37/15 Oversikt økonomi per 19.10.2015**

**RS 38/15 Reglement for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 39/15 FELLES OPPLÆRING AV KOMMUNALE RÅD 22 OG 23 FEBRUAR**

## **PS 48/15 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - arbeidsutval og fullmakt**

### **Forslag til avgjerd**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å gi følgjande fullmakter til arbeidsutvalet for inneverande valperiode:

1. Førebu kva saker som skal leggjast fram for rådet og innstille til vedtak.
2. Ta avgjerd i saker som av tidsmessige årsaker ikkje kan handsamast i rådet. I saker der utvalet finn det naudsynt vert rådet sine medlemar kontakta pr. e-post.
3. På førespurnad kunne føreta utnemning av representantar frå rådet eller organisasjonane.

### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2015**

Fylkesadministrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Avgjerd**

Rådet sitt arbeidsutval får følgjande fullmakter for inneverande valperiode:

1. Førebu kva saker som skal leggjast fram for rådet og innstille til vedtak.
2. Ta avgjerd i saker som av tidsmessige årsaker ikkje kan handsamast i rådet. I saker der utvalet finn det naudsynt vert rådet sine medlemar kontakta pr. e-post.
3. På førespurnad kunne føreta utnemning av representantar frå rådet eller organisasjonane.

## **PS 49/15 Møteplan 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Forslag til avgjerd**

### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2015**

Rådet sette fram slikt forslag:

«Rådsmøtet 7. desember vert flytta til 1. desember med møtestart kl 09:00.»

### **Røysting**

Fylkesadministrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Rådet sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Avgjerd**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek møteplanen slik den føreligg.

Rådsmøtet 7. desember vert flytta til 1. desember med møtestart kl 09:00.

## **PS 50/15 Temadag og opplæringssamling for dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2015**

Rådet la fram slikt forslag:

«Arbeidsutvalet vert bedt om å vere programkomite. Forslag til program vert presentert på neste rådsmøte. Konferansen vert gratis, inkludert dagpakke. Overnatting og reise vert dekka av dei kommunale råda.»

### **Røysting**

Rådet sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Arbeidsutvalet vert bedt om å vere programkomite. Forslag til program vert presentert på neste rådsmøte. Konferansen vert gratis, inkludert dagpakke. Overnatting og reise vert dekka av dei kommunale råda.

## **PS 51/15 Ymse**

### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2015**

*Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2016 for fylkeskommunen:*

Rådet sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesordførar, gruppeleiarane og utvalsleiar for miljø og samferdsel, kultur, idrett og regional utvikling og opplæring og helse:

Rådet ble orientert om fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2016 for fylkeskommunen på rådet sitt møte 4. november 2015. Rådet forstår at fylkeskommunen sin økonomi er pressa, men stiller seg uforståande til forslaget om kutt under Ymse tilskot til Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforum for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO). Rådet meiner at FFO og SAFO ligg klart innanfor kjerneområde for fylkeskommunen si verksemd, til dømes arbeid med informasjon og tilrettelegging om universell utforming.

### **Røysting**

Rådet sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillerane utan realitetsbehandling.

### **Avgjerd**

Rådet ble orientert om fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2016 for fylkeskommunen på rådet sitt møte 4. november 2015. Rådet forstår at fylkeskommunen sin økonomi er pressa, men stiller seg uforståande til forslaget om kutt under Ymse tilskot til Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforum for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO). Rådet meiner at FFO og SAFO ligg klart innanfor kjerneområde for fylkeskommunen si verksemd, til dømes arbeid med informasjon og tilrettelegging om universell utforming.